

# Hjartdal kommune

Styre, råd, utval	Møtedato	Saknummer	Sakshandsamar
Utval for plan og byggesaker	13.06.2012	070/12	AEB
Kommunestyret	13.06.2012	039/12	AEB

Saksansvarleg: Anne E. Bamle	Arkiv: K2-L80	Arkivnr.: 12/832
------------------------------	---------------	------------------

## **SØKNAD FRÅ RUSSMARKEN VA AS OM BRUK AV REFUSJON FOR DEKKING AV KOSTNADER VED UTBYGGING AV AVLØPSANLEGG - GODKJENNING AV PLANAR OG FORELØPIG BEREKNING AV REFUSJON**

### Dokument i saka:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	24.05.2012	Russmarken VA AS	FØLGEBREV TIL OPPSITTERE
2	I	24.05.2012	Russmarken VA AS	TILLEGG TIL HOVUDANLEGG, SENDT REFUSJONSPLIKTIGE BITRINGSNATTEN
3	I	24.05.2012	Russmarken VA AS	TILLEGG TIL HOVUDANLEGG, SENDT REFUSJONSPLIKTIGE GVÅLSHEIA/LANGEHAUG
4	I	24.05.2012	Russmarken VA AS	TILLEGG TIL HOVUDANLEGG, SENDT REFUSJONSPLIKTIGE HAUGESTØL OG TUDDAL HØYFJELLSHOTELL
5	I	24.05.2012	Russmarken VA AS	TILLEGG TIL HOVUDANLEGGET, SENDT REFUSJONSPLIKTIGE LANGETJØNN-LØKJESTUL
6	I	24.05.2012	Russmarken VA AS	TILLEGG TIL HOVUDANLEGG, SENDT REFUSJONSPLIKTIGE LISLIMARKEN
7	I	24.05.2012	Russmarken VA AS	TILLEGG TIL HOVUDANLEGG, SENDT REFUSJONSPLIKTIGE MÅSÅFJELL
8	I	24.05.2012	Russmarken VA AS	TILLEGG TIL HOVUDANLEGG, SENDT REFUSJONSPLIKTIGE NØTTINGEN
9	I	24.05.2012	Russmarken VA AS	TILLEGG TIL HOVUDANLEGG, SENDT REFUSJONSPLIKTIGE RUSSMARKEN
10	I	24.05.2012	Russmarken VA AS	TILLEGG TIL HOVUDANLEGG, SENDT REFUSJONSPLIKTIGE RØYSLIA-LANDSVERK
11	I	24.05.2012	Russmarken VA AS	TILLEGG TIL HOVUDANLEGG, SENDT REFUSJONSPLIKTIGE SOLHEIMSBEITE

12	I	27.05.2012	Russmarken VA AS	SØKNAD OM BRUK AV REFUSJON FOR DEKKING AV KOSTNADER VED UTBYGGING AV AVLØPSANLEGG
14	I	11.06.2012	Hytteierforeningene s AvløpsUtvalg (HAU)	KOPI AV BREV TIL RUSSMARKEN VA AS: AVKLOAKKERING AV KOVSTULHEIA - PRESSEOPPSLAG OG PERSONKRITIKK MM

### **Vedlagde dokument:**

Dokument nr. 1 til og med 12

### **Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:**

LOV 2008-06-27 nr 71: Lov om planlegging og byggesaksbehandling (pbl)

Veiledning til byggesak (SAK10), kap 17: Refusjon

### **Saksgang:**

Utval for plan og byggesaker tilrår

Kommunestyret gjer vedtak

### **Bakgrunn for saka:**

Forut for denne saka ligg mellom anna Fylkesmannen sin godkjenning av søknad om felles utsleppsløyve frå 2010, endring av løyvet (2011) til å omfatte eit reinseanlegg (i Russmarken), byggjeløyve til å utvide reinseanlegg og infiltrasjonsanlegg (2011) og leidningstrase frå Russmarken over Kovstulheia og ned til Fv651 i 2012.

Hjartdal kommune gav i mars 2010 ei førehandsgodkjenning til Russmarken VA AS at dei kan krevje kostnadsrefusjon (anleggsbidrag) etter pbl kapitel 18. Det betyr at alle kostnadene med unntak av tilknytingsavgifta til sjølve reinseanlegget, vil vere utan meirverdiavgift. Anleggsbidraget er den enkelte eigedom sin andel av hovudrørleidningen og andel av feltutbygginga.

Russmarken VA AS søker no om endeleg godkjenning av planar og foreløpig berekning av refusjon etter pbl kap 18.

Dei eigedomane som kjem inn under denne ordninga er fritidsbustadar med mellombels utslepp til tett tank. Det er eigedomar/areal som er regulert ved eigne reguleringsplanar/ detaljreguleringsplanar med høg sanitær standard. Til slutt er det areala innafor reinsedistriktet som er avsett til utbygging i gjeldande kommuneplan. For den sistnemnte kategorien er det anslått eit tal på kor mange tomter som kan kome når arealet vert detaljregulert.

All utbygging er dimensjonert slik at fritidsbustadar som ikkje er refusjonspliktige, kan knytte seg til anlegget seinare. Investeringskostnadane er derfor høgare enn det som hadde vore eit stort nok anlegg til refusjonspliktige eigedomar pr i dag. Det går fram av søknaden frå Russmarken VA AS at refusjonen er fastsett slik at den ikkje dekker heile investeringskostnaden.

Restsummen skal dekkast inn av dei som knyt seg til anlegget seinare og som ikkje er refusjonspliktige. Slike eigedomar vil få krav om tilknytingsavgift til både leidningsnett og reinseanlegg.

Etter pbl kap 18 er det kommunen som gjer vedtak om kva utbyggjar kan krevje av refusjon pr eining (fritidsbustad eller regulerte (både framtidig utbyggingsområde i kommuneplanen) og detaljregulerte tomter) når det gjeld tilkopling til hovudleidningsnettet og tilkopling til feltutbygging.

I pbl § 18-8 stend det at tiltakshavar skal angi kva for eigedomar som kan få nytte av anlegget, kva for areal dei utgjer og den sannsynlege utnytting per eigedom. Det er dette som vert kalla fordelingsfaktor, jamfør pbl § 18-7. I kommunestyresak 008/12 vert det fatta vedtak om at fordelingsfaktor skal vere eigedomen som sådan og som eigedom meiner kommunen "*eigedom, utskilt som eigen matrikkeleining, med mellombels utsleppsløyve. Regulerte, ubebygde, tomter. Framtidige tomter som skal knytast til offentleg anlegg.*"

Russmarken VA AS har utarbeida planar, kostnadsoverslag basert på kjente prisar samt kva for eigedom som kjem inn under ordninga med anleggsbidrag.

Alle dei råka har fått høve til å uttale seg. Desse er kommentert av søkjar i eget skriv, som ligg som vedlegg til dok nr 12. Høyringsfrist var 21. mai, med utsett frist 25. mai, men søkjar har teke med alle uttalane som har kome inn pr. 28. mai 2012 kl. 10.00. Rådmannen si vurdering kjem seinare i saka.

### **Vurdering:**

Rådmannen er nøgd med at området Kovstulheia-Russmarken no vert avkloakkert, i tråd med utsleppsløyvet frå Fylkesmannen i Telemark. Hjartdal kommune er og i gong med ei forstudie for å sjå om det er mogleg med ei eller fleire felles vassløyser i området.

Kommunestyret skal i denne saka gjere vedtak om foreløpig berekning av refusjonsbeløp. Når tiltaket er fullført (reinseanlegg, hovudleidningsnett og feltutbygging) skal kommunen godkjenne rekneskapet for tiltaket, fastsette endeleg refusjon og sende dette til uttale hjå dei som blir råka. Deretter fastsetter kommunen det endelege refusjonsbeløpet. Dei endelege kostnadane som dannar grunnlag for refusjon, kan ikkje overskride det beløpet som vert fastsett i denne saka med meir enn 15 %.

Kva kommune skal vedta i nærverande sak gjeng fram av pbl § 18-8:

#### *Godkjenning av planer og foreløpig beregning av refusjon*

*Før tiltaket påbegynnes, skal tiltakshaver ha utarbeidet planer på kart og med kostnadsoverslag. Tiltakshaver skal angi hvilke eiendommer som kan få nytte av anlegget, hvilket areal de utgjør og sannsynlig utnyttelse på den enkelte eiendommen. Tiltakshaver skal utarbeide et forslag til fordeling av utgiftene i samsvar med § 18-7. Planer, overslag og forslag til fordeling oversendes berørte grunneiere og festere til uttalelse. De berørte avgir uttalelse til tiltakshaver innen 3 uker fra mottakelsen av materialet. Etter at uttalelsesfristen er utløpt, oversender tiltakshaver materialet til kommunen for avgjørelse.*

*Kommunen skal godkjenne planen for utførelsen, kostnadsoverslag og forslag til fordeling. Kommunen kan kreve innsendt bindende pristilbud for utføringen av tiltaket, eventuelt innhentet i anbudskonkurranse. Finner kommunen, når dette er påberopt av en berørt grunneier eller fester, at den ilagte andel av refusjonen overstiger verdiøkningen for eiendommen etter § 18-7 andre ledd, kan den foreta en skjønnsmessig reduksjon av refusjonskravet, eller la det bortfalle i sin helhet. Det reduserte beløp fordeles etter § 18-7 andre ledd andre punktum.*

*Retten til å kreve refusjon faller bort dersom tiltaket påbegynnes før materialet etter første ledd er godkjent av kommunen, med mindre annet på forhånd blir bestemt av kommunen i det enkelte tilfelle av hensyn til tiltakets karakter og betydningen av framdrift.*

Departementet kan gi forskrifter til utfylling av denne bestemmelsen, herunder nærmere krav til planer, kostnadsoverslag og pristilbud.

## Planar

### SAK10 § 17-3 seier at

- (1) Tiltakshaver skal utarbeide tekniske planer som underbygger kostnadsoverslaget. Skråningsutslag med skjæring og fylling og eventuelle støttemurer skal vises.
- (2) Tekniske planer for veianlegg skal vise veilegemets oppbygging, kurvatur, stigningsforhold, slukplan og overvannshåndtering, brannkummer, stikkrenner, rør og belysning mv.
- (3) Tekniske planer for vei-, vannforsynings- og avløpsanlegg skal vise grøftens typiske snitt og hvordan vann-, avløp- og eventuelle overvannsledninger legges i forhold til hverandre. Isolasjon mot frost og eventuell plass for pumpestasjoner skal vises.
- (4) Der det refusjonsberettigede tiltaket gjelder opparbeidelse av fellesarealer etter plan- og bygningsloven § 18-2, skal tekniske planer vise hvordan kravene i reguleringen blir oppfylt.

I denne saka er det utarbeide kart over hovudtraseen. Til det enkelte felt har søkjar lagt fram "Beskrivelse av transportsystem .. (feltets namn)" samt kostnadskalkyle som syner potensielle abonnentar i feltet, og kostnadsoverslag. Rådmannen kjem attende til kostnadsoverslaget seinare i saka.

Rådmannen er samd i den oppdelinga søkjar har gjort når det gjeld feltutbygging. Det er nytta ei inndeling som byggjer på allereie vedtekne reguleringsplanar og dette er gjenkjenneleg for hytteeigarane.

Denne utbygginga har lang tidshorisont. Det er ikkje tale om eit enkelt felt som skal byggjast ut, men fleire hyttefelt over fleire år. Fleire av hyttefelta har forholdsvis gamle reguleringsplanar som legg opp til låg sanitær standard.

I skrivande stund gjeng det føre seg arbeid med ny arealdel til kommuneplanen. Ei føring i dette arbeidet er å legge til rette for fortetting av eksisterande hyttefelt i staden for å take nytt areal i bruk. Kovstulheia-Russmarken vil i ny arealdel framleis vere eit av satsingsområda i kommunen.

Rådmannen har derfor i denne saka akseptert at detaljplanlegging innafor det enkelte hyttefelt anten vert gjort av Russmarken VA AS når dei kjem fram til feltet eller ved ny detaljreguleringsplan i samband med fortetting av hyttefelta, avhengig av kva som skjer fyrst. På dei leidningstraseane kor det er søkt om og gjeve løyve til tiltak er det sjølv sagt lagt fram tekniske planar i tråd med SAK10. Rådmannen vil stille spørsmål ved om nemnte forskrift er utarbeida med tanke på at eitt og eitt felt vert bygd ut og ikkje med tanke på eit prosjekt med tidshorisont på fleire tiår.

Rådmannen kan samla sett ikkje sjå noko problem med å godkjenne planane slik dei ligg føre i denne søknaden. Skjer detaljprosjekteringa i samband med ny detaljreguleringsplan, vert råka hytteeigarar automatisk involvert i tråd med pbl sine reglar. Rådmannen forutset at dersom Russmarken VA AS skal detaljprosjektare feltutbygginga, vil dette skje i nært samarbeid med hytteeigarar som er råka og med grunneigar.

Til sist under dette punktet vil Rådmannen peike på at det berre har kome inn 3 uttalar til dei framlagte planane. To av desse er Rådmannen samd i: Hytteeigarane i det enkelte felt må høve til å uttale seg når feltet skal byggjast ut. Den siste uttalen gjeng på plassering av ein pumpestasjon som det allereie er gjeve byggjeløyve på. Denne saka ligg til avgjerd hos Fylkesmannen på grunn av klage.

### Kostnadsoverslag

Søknaden syner at prosjektet er tenkt finansiert 100 % av brukarane. Investeringskostnadane er planlagt dekkja inn av ved bruk av refusjon (som denne saka gjeld), tilknytingsavgift frå ikkje-refusjonspliktige eigedomar og gjennom årsavgift.

Kostnadsoverlaga pr felt er relativt ”grove” og er basert på antal løpemetar grøft, antal pumpeastasjonar m.m. Dette heng saman med at det ikkje ligg føre detaljerte tekniske planar.

Mangelen på detaljplanar og ”grovmaska kostnadsoverslag”, gjer det vanskeleg for Rådmannen å gjere ei kvalifisert vurdering av kostnadsoverslaget. På den andre sida legg tiltakshavar fram forslag om at berre ein del av anleggskostnadane skal fordelast på dei refusjonspliktige. Resten av kostnadane vert fordelt som tilknytingsavgift og gjennom årsavgifta. I tillegg kjem at avviket frå dagens overslag til endeleg rekneskap den dagen eit felt er ferdig utbygd, berre kan vere pluss minus 15 %.

Kostnadsoverslag og forslag til kostnadsfordeling pr felt ligg som vedlegg til saka saman med ei vurdering av det enkelte felt. Rådmannen har vurdert søkjar sine forslag og finn etter ei samla vurdering å kunne tilrå at kommunestyret godkjenner kostnadsoverslag, plan og fordeling av utgiftene.

Rådmannen har i si vurdering mellom anna sett på forholdet mellom kva for investeringskostnader som er foreslått dekkja inn ved bruk av anleggsbidrag, tilknytingsavgift og årsavgift. Årsavgift består av direkte utgifter, avskrivning/renter samt indirekte kostnader så som interne tenester i kommunen. I direkte kostnader ligg driftsutgifter samt andel investert beløp. Til opplysning ligg det i årsavgift avløp for 2011 1/40-del av investering på kommunalt leidningsnett og 1/20-del av investeringar gjort på mellom anna Sauland vassverk. Russmarken VA AS opplyser at 3 delinga i denne saka har vore drøfta i styringsgruppa for utbygginga kor hytteeigarane sit representert ved Hytteeierforeningenes AvløpsUtvalg (HAU). Hytteeigarane sitt ynskje om at meir av investeringane skulle takast inn via årsavgift vart akseptert av utbyggjar.

Det har kome inn merknader til kostnadsoverslaget. Dei er kommentert seinare i saka.

### Uttale frå dei refusjonspliktige

Rådmannen ser at søkjar nyttar omgrepet klage om dei uttala som har kome inn. Det er ikkje korrekt. I samband med høyring og/eller nabovarsel er det tale om uttale og ikkje klage.

Det er ingen av dei som har hatt saken til høyring som meiner at dei ikkje er refusjonspliktige.

Det viktig å halde fast ved kva dei refusjonspliktige skal/kan kome med uttale til; nemlig planane, kostnadsoverslag og utgiftsfordeling.

Det gjeng fram av søkjar sin vurdering av dei uttalanane som har kome inn, at andre tema er kommentert av alle. Rådmannen meiner søkjar si vurdering er utfyllande, sjølv om dokumentet gjerne kunne ha vore betre strukturert, og legg ikkje ved dei enkelte uttala i saka. Kopiar av desse kan kommunestyret eventuelt få ved å vende seg til sakshandsamar.

Når det gjeld Russmarken hyttefelt er desse i ei særstilling i og med fleire allereie er tilknytta reinseanlegget. Det er frå tidlegare av gjort avtale med desse kor prisar er satt. Rådmannen ser at søkjar skal i forhandling med dei det gjeld for å avklare ulike spørsmål. Dette er etter rådmannen sitt skjønns spørsmål av privatrettsleg karakter. Kommunen kan ikkje take omsyn til

at det er gjort avtalar utan høgde for at det er kommunen som etter pbl skal fatte vedtak om storleiken på anleggsbidrag, tilknytingsavgift reinseanlegget eller årsavgift.

Generelt vil Rådmannen peike på at i oversikten under er forsøkt tatt inn uttale som har med denne saka å gjere. Dei som vil endre på allereie gitte løyver – det vere seg plassering av pumpestasjonar eller avgjersla om eit felles reinseanlegg – vert ikkje omtalt her av Rådmannen. Det betyr at sjølv om det stend at hytteeigaren ikkje har merknad så kan han ha kome merknader til andre forhold rundt avkloakkering av Kovstulheia-Russmarken. Desse andre merknadane gjeng fram av søkjar sin oversikt over innkomne uttaler.

<i>Namn:</i>	<i>Til planane:</i>	<i>Til kostnads-overslaget:</i>	<i>Til utgifts-fordelinga – er refusjonspliktig:</i>	<i>Rådmannen sin kommentar:</i>
<u>Nr. 1 Amundsen</u> Eigen uttale og sluttar seg til fellesuttale, sjå nr. 20	Ber om at traseen bli omregulert fordi hytta.	Ingen	Meiner at verdien på hytta vert forringa med kr 1 mill pga fare for lukt og støy frå pumpestasjon.	Det er gitt byggjeløyve for leidning forbi hytta. Saka er påklagd av hytteeigar og ligg til handsaming hjå Fylkesmannen.  Rådmannen har ingen merknader til uttalen om verdiforringinga av hytta. På generelt grunnlag vert det bemerkta at hytter med høg sanitær standard har gjennomgåande høgare salsverdi enn hytter med låg sanitær standard.
<u>Nr. 2 Syrrist</u> Fellesuttale, sjå nr. 20				Mottok ikkje komplett rekommandert sending og etterlyste dokumenter. Ingen uttale.
<u>Nr. 3 Svendsen</u> Eigen uttale Fellesuttale, sjå nr. 20	Ber om at det vert vurdert at han kan behalde tett tank, eventuelt installere senkepumpe i denne.	Ingen	Ingen	Fylkesmannen er klar på at dei tette tankane skal sanerast bort. Sjø elles kommentar frå søkjar.
<u>Nr. 4 Aanerød</u> Fellesuttale, sjå nr. 20	Ingen	Ingen	Ingen	Ingen
<u>Nr. 5 Bråten/ Martinsen</u> Eigen uttale og sluttar seg til fellesuttale, sjå nr. 20	Ingen	Er allereie tilknytta reinseanlegget	Er allereie tilknytta reinseanlegget	Syner til punktet om Russmarken hyttefelt over – sjå nest siste avsnitt før denne tabellen.
<u>Nr. 6 Blankholm</u> Fellesuttale, sjå nr. 20				Feil adresse var benytta.
<u>Nr. 7 Hjøberg</u>	Ingen	Årsavgift urimeleg	Ingen	Årsavgifta er det

		<p>høy – ikkje dokumentert korleis den kjem fram. Er det riktig balanse mellom refusjonsbeløp av årsavgift som er foreslått?</p>		<p>kommunestyret som fastset i samband med gebyrregulativet. Årsavgifta bestend av direkte kostnader (driftsutgifter), indirekte kostnader (andel av administrative kostnader i kommunen) samt avskrivningar og kalkulatorisk rente. Pr i dag ligg våre avgifter på eit greitt nivå samanlikna med andre kommunar.</p> <p>Se elles kommentar over under punktet Kostnadsoverslag.</p>
<u>Nr. 8 Ølstad</u> Fellesuttale, sjå nr. 20				Etterlyste dokumenter.
<u>Nr. 9 Netland</u>	<p>Endring frå vakumsystem (kvernpumper) til sjølvfallsleidningar fører til ein skeivfordeling av kommande utgifter. Tenkjer på straumutg til kvernpumpa som andre ikkje vil ha. Ber om differensiert årsavgift som kompensasjon.</p>	Er allereie tilknytta reinseanlegget	Er allereie tilknytta reinseanlegget	<p>Syner til punktet om Russmarken hyttefelt over – sjå nest siste avsnitt før denne tabellen.</p> <p>Ingen utbygging vil gi heilt like kostnader. Vanskeleg å gje kompensasjon gjennom årsavgift.</p>
<u>Nr. 10 Brattelig</u>	Ingen	Er allereie tilknytta reinseanlegget	Er allereie tilknytta reinseanlegget	Syner til punktet om Russmarken hyttefelt over – sjå nest siste avsnitt før denne tabellen.
<u>Nr. 11 Fauske</u>	Ingen	Ingen	Ber om dei med tett tank slepp å betale refusjon for feltutbygging – vil halde på tanken og tømme til reinseanlegget.	Uttala er eigentleg til valt teknisk løysing. Fylkesmannen er klar på at dei tette tankane skal sanerast bort, og rådmannen kan ikkje gå inn på ei løysing med tømning av tette tankar til reinseanlegget.
<u>Nr. 12 Rue</u>		Ingen	Russmarken hyttefelt kjem uheldig ut då fleire hytter her har kvernpumpe i motsetning til sjølvfall i andre felt. Syner til uttale nr. 9.	Utsetting til Russmarken hyttefelt var feil. Dette er retta opp av søkjar. Syner ellers til punktet om Russmarken hyttefelt over – sjå nest siste avsnitt før denne tabellen.

<p><u>Nr. 13 Ballestad</u> <u>Fellesuttale, sjå nr. 20</u></p>	<p>Skeptisk til utforminga med alle pumpestasjonane – miljø og driftssikkerheit.</p>	<p>Kallar overslaget for ”ønske-tekning”.</p>	<p>Ber om meir eksakt underlag og dokumenterte, faste prisar</p>	<p>Rådmannen syner til kommentar frå søkjar som seier at tiltak for å redusere usikkerheit er lagt inn i Prosjektet. Fylkesmannen har akseptert overordna ROS-analyse for prosjektet.</p> <p>Det går fram av saka at det no gjerast vedtak om <u>foreløpig</u> berekning av refusjonsbeløp. <u>Sjå andre avsnitt under <b>Vurderinger.</b></u></p> <p>Årsavgifta er det kommunestyret som fastset i samband med gebyrregulativet. Rådmannen forutsett at dei tala søkjar legg fram no, vert lagt til grunn ved utarbeiding av neste års gebyrregulativ.</p>
<p><u>Nr. 14 Surtevu</u></p>	<p>Ingen</p>	<p>Veit for lite om totale kostnader, risiko/ansvar og framdrift. Kan som privatperson ikkje godta forslaget</p>	<p>Ingen</p>	<p>Ingen</p>
<p><u>Nr. 15 Dilling</u> Eigen uttale og sluttar seg til fellesuttale, sjå nr. 20</p>	<p>Forstå ikkje korleis tiltaket kan fremmast for kommunestyre utan detalj-prosjektering, langsiktig heilskapsplanlegging og styring for å redde miljøet (grunnvatn/vassdrag) og vassforsyning.</p>	<p>Ingen</p>	<p>Ingen</p>	<p>Prosjektering og eventuell vassforsyning er omtalt under <b>Vurderinger.</b> Det er dei tette tankane som etter rådmannen og Fylkesmannen si mening er ein potensiell trussel mot miljøet. Ikkje denne utbyggjinga.</p>
<p><u>Nr. 16 Otterdal</u> Sluttar seg til felles uttale, sjå nr 20</p>				
<p><u>Nr. 17 Hagen</u></p>	<p>Vil gjerne behalde tett tank som ”back up”.</p>	<p>Den totale prisen pr hytte er for høy samanlikna med andre prosjekt andre stader</p>	<p>Ingen</p>	<p>Fylkesmannen er klar på at dei tette tankane skal sanerast bort. Sjå elles kommentar frå søkjar.</p>
<p><u>Nr. 18 Gerhardsen</u> Eigen uttale og sluttar seg til fellesuttale, sjå nr. 20</p>	<p>Vil uttale seg når detalj- prosjektering av feltet ligg føre</p>	<p>Foreslår at løpande utgifter til drift og vedlikehald av kvernpumper til enkelthytter vert betalt av søkjar.</p>	<p>Ingen</p>	<p>Rådmannen syner til kva som er nemnt over under punktet <u>Planar</u> og er einig i merkningen om at uttale til</p>



				<p>detaljprosjekteringa kjem på eit seinare tidspunkt.</p> <p>Når det gjeld løpande utgifter til drift av kvernpumper, er vanskeleg å operere med differensiert årsavgifter basert på andel den enkelte hytteigar sine utgifter.</p>
<p><u>Nr. 19</u> <u>Abrahamsen/</u> <u>Pedersen</u> Eigen uttale og sluttar seg til fellesuttale, sjå nr. 20</p>	Ingen	Ingen	Ingen	Ingen
<p><u>Nr. 20 Fellesuttale frå fleire</u> (totalt 64 hytteeigarar)  <i>Søklar kallar dette uttale nr 20 til og med 83</i></p>	Peiker på at detaljprosjektering ikkje er gjennomført. Krev at hytteeigarar i dei enkelte felt vert aktivt involvert i den vidare planlegginga.	Ingen spesifikke merknadar, anna enn at dei meiner kostnad pr hytte kan kome opp i 200 – 250.000,- vann, avløp og ”intern tilpasning”.	Ingen	<p>Rådmannen syner til kva som er nemnt over under punktet <u>Planar</u> og er einig i merknaden.</p> <p>Rådmannen minner om at utgifter til eventuelle felles vassforsyning ikkje er tema i denne saka.</p> <p>Det er vanskeleg å sjå korleis den enkelte hytteeigars utgifter til ei eventuelle oppgradering av hytta si, har relevans i saka.</p>
<p><u>Nr. 21 (84)</u> <u>Skjerven/Kovdal</u></p>	Ingen	Ber om kostnadsoverslag på to anlegg	Ingen	<p>Det er ikkje aktuelt å byggje to reinseanlegg, sjå <b>Bakgrunn for saka</b></p>
<p><u>Nr. 22 (85) Cranner</u> Eigen uttale og sluttar seg til fellesuttale, sjå nr. 20</p>	Ingen	Foreslår eige løysing for dei med tett tank – vil kople seg til fellesanlegg når dei vil	Ingen	<p>Uttala er eigentleg til valt teknisk løysing. Fylkesmannen er klar på at dei tette tankane skal sanerast bort. Sjø elles kommentar frå søklar.</p>

Etter at frist for å kome med uttale i saka, har søklar sendt over – utan å kommentere – ei uttale frå Tuddal Høyfjellshotell. Uttalen er datert 24. mai, men poststempla fyrst 29. mai. Søklar har fått opplyst frå Posten at rekommandert sending er kvittert som motteke 30. april. Dei har brukt meir enn 3 veker på å kome med uttale.

Rådmannen vel likevel å kommentere uttala etter dei same punkta som over:

<i>Namn:</i>	<i>Til planane:</i>	<i>Til kostnads-overslaget:</i>	<i>Til utgiftsfordelinga – er</i>	<i>Rådmannen sin kommentar:</i>
--------------	---------------------	---------------------------------	-----------------------------------	---------------------------------

			<i>refusjonspliktig:</i>	
Tuddal Høyfjellhotell	Eit reinseanlegg er ein dårleg løysing miljømessig.	Kommenterar at eit reinseanlegg er dyrare enn to.  Meiner at anbud har blitt tildelt utan innhenting av anbud.	Dei meiner at dersom hotellet vert pålagt tilkopling til reinseanlegget, vil motivet til kommunen utelukkende vere økonomi.  Meiner at utbyggingstakta gjer at dei som er pliktige til å kople seg til anlegget, må bere alle kostnader.	Det er tatt avgjersle om eit anlegg, og denne avgjersle er ikkje gjenstand for høyring no.  To anlegg er ikkje kostnadsberekna og noko kostnad knytt til to anlegg er ikkje ute på høyring.  Korleis dei tidligare, private, eigarane av selskapet RussmarkenVA AS knytta til seg leverandørar og korleis dei tildelte jobbar, er heilt uvedkommande denne saka.  Det er i utsleppsløyve Fylkesmannen har satt krav til at hotellet skal koplast til fellesanlegget. Kravet er derfor ikkje motivert frå kommunen si side.  Det er lagt opp til at kostnadane for utbygginga skal dekkast inn over fleire år. Uttalen om at alle kostnader skal berast av dei som er pliktige til å knytte seg på, er soleis bygd på feil forståing av utsendte materiell.

Søkjar har sendt ut varsel til totalt 198 eigarar av eigedomar med tette tankar innafør reinsedistriktet. I tillegg er det sendt ut varsel til grunneigarar ("felt-eigarar") med totalt 499 ubebygde, regulerte, tomter.

Som det går fram av tabellen over har det kome fellesuttale frå 64 hytteeigarar. Av desse har 8 kome med eigen uttale i tillegg. 8 hytteeigarar har kome med eigen, sjølvstendig, uttale. Det vil seie at det har kome uttale frå 74 av dei 198 hytteeigarane som fekk saka til uttale. Rådmannen tolkar såpass lite engasjement at prosjektet no er over i ei fase kor hytteeigarane ser framover og ser fordelen av å kunne få hytter med høg sanitær standard. Blant grunneigarane i Kovstulheia-Russmarken "oppslutninga" om prosjektet stor, da det berre har kome inn uttale frå ein. Det er bra for den vidare utviklinga av området.

Alt i alt er det ingen merknader til dei tre punkta som no er under handsaming som gjer at Rådmannen ikkje vil legge saka fram for kommunestyret med slik tilråding:

### **RÅDMANNEN TILRÅR:**

Hjartdal kommunestyret har handsama søknad datert 28. mai 2012 om bruk av refusjon for dekking av kostnader ved utbygging av avløpsanlegg. Søknaden er handsama etter plan og bygningsloven § 18-8 og er ei foreløpig godkjenning av refusjonsbeløp.

Hjartdal kommunestyre godkjenner planane for tiltaket, kostnadsoverslaget og forslaget til fordeling.

#### 1. Planar

Denne utbygginga har lang tidshorison. Kommunestyret godkjenner derfor at detaljplanlegging innafor det enkelte hyttefelt vert anten gjort av utbyggjar eller ved ny detaljreguleringsplan i samband med fortetting av hyttefelt, avhengig av kva som skjer fyrst.

#### 2. Kostnadsoverslag

Kommunestyret har ingen merknad til at delar av investeringsbehovet vert tatt inn over bruk av refusjon/anleggsbidrag, tilknytingsavgift og årsavgift.

#### 3. Fordeling

Kommunestyret har vurdert dei eigedomane utbyggjar meiner er refusjonspliktige og funnet at eigedomane gjennom tiltaket får oppfylt sin eigen forplikting etter pbl § 18-1 og at dei lovleg kan krevjast knytta til anlegget.

Kommunestyret fastset fylgjande inndecking av andel av total investeringskostnad ved bruk av refusjon:

Alle refusjonspliktige tilkoblet hovedledningsanlegget	kr. 17.000,-
Alle refusjonspliktige tilkoblet feltutbygging Solheimsbeite	kr. 65.000,-
Alle refusjonspliktige tilkoblet feltutbygging Russmarken	kr. 65.000,-
Alle refusjonspliktige tilkoblet feltutbygging Lislimarken	kr. 55.000,-
Alle refusjonspliktige tilkoblet feltutbygging Gvålsheia/Langhaug	kr. 55.000,-
Alle refusjonspliktige tilkoblet feltutbygging Bitringsnatten	kr. 55.000,-
Alle refusjonspliktige tilkoblet feltutbygging Røyslia/Landsverk	kr. 55.000,-
Alle refusjonspliktige tilkoblet feltutbygging Nøttingen	kr. 55.000,-
Alle refusjonspliktige tilkoblet feltutbygging Haugestøl/Hotellet	kr. 70.000,-
Alle refusjonspliktige tilkoblet feltutbygging Måsåfjell	kr. 60.000,-
Alle refusjonspliktige tilkoblet feltutbygging Langetjønn/Løkjestul	kr. 60.000,-

Vedtaket kan påklagast. Ei eventuell klage stilast til Hjartdal kommune, 3692 Sauland. Klagefrist er 3 veker frå den dagen vedtaket vart gjort kjent – kom fram.

## 13.06.2012 Utval for plan og byggesaker

### Handsaming

Inger Øya Grøgård stilte spørsmål om eigen habilitet.

Far hennar er grunnneigar i Solheimsbeitet.

Utvalet sa Inger Øya Grøgård habil.

### VOTERING:

Rådmannen si tilråding blei samrøystes vedteke.

### **POB-070/12 TILRÅDING:**

Hjartdal kommunestyret har handsama søknad datert 28. mai 2012 om bruk av refusjon for dekking av kostnader ved utbygging av avløpsanlegg. Søknaden er handsama etter plan og bygningsloven § 18-8 og er ei foreløpig godkjenning av refusjonsbeløp.

Hjartdal kommunestyre godkjenner planane for tiltaket, kostnadsoverslaget og forslaget til fordeling.

#### 1. Planar

Denne utbygginga har lang tidshorison. Kommunestyret godkjenner derfor at detaljplanlegging innafor det enkelte hyttefelt vert anten gjort av utbyggjar eller ved ny detaljreguleringsplan i samband med fortetting av hyttefelt, avhengig av kva som skjer fyrst.

#### 2. Kostnadsoverslag

Kommunestyret har ingen merknad til at delar av investeringsbehovet vert tatt inn over bruk av refusjon/anleggsbidrag, tilknytingsavgift og årsavgift.

#### 3. Fordeling

Kommunestyret har vurdert dei eigedomane utbyggjar meiner er refusjonspliktige og funnet at eigedomane gjennom tiltaket får oppfylt sin eigen forplikting etter pbl § 18-1 og at dei lovleg kan krevjast knytta til anlegget.

Kommunestyret fastset fylgjande inndekning av andel av total investeringskostnad ved bruk av refusjon:

Alle refusjonspliktige tilkoblet hovedledningsanlegget	kr. 17.000,-
Alle refusjonspliktige tilkoblet feltutbygging Solheimsbeite	kr. 65.000,-
Alle refusjonspliktige tilkoblet feltutbygging Russmarken	kr. 65.000,-
Alle refusjonspliktige tilkoblet feltutbygging Lislmarken	kr. 55.000,-
Alle refusjonspliktige tilkoblet feltutbygging Gvålsheia/Langhaug	kr. 55.000,-
Alle refusjonspliktige tilkoblet feltutbygging Bitringsnatten	kr. 55.000,-
Alle refusjonspliktige tilkoblet feltutbygging Røyslia/Landsverk	kr. 55.000,-
Alle refusjonspliktige tilkoblet feltutbygging Nøttingen	kr. 55.000,-

Alle refusjonspliktige tilkoblet feltutbygging Haugestøl/Hotellet	kr. 70.000,-
Alle refusjonspliktige tilkoblet feltutbygging Måsåfjell	kr. 60.000,-
Alle refusjonspliktige tilkoblet feltutbygging Langetjønn/Løkjestul	kr. 60.000,-

Vedtaket kan påklagast. Ei eventuell klage stilast til Hjartdal kommune, 3692 Sauland. Klagefrist er 3 veker frå den dagen vedtaket vart gjort kjent – kom fram.

### **13.06.2012 Kommunestyret**

#### **Handsaming:**

Utval for plan og bygg si tilråding blei delt ut.

Inger Øya Grøgård stilte spørsmål ved sin habilitet da ho er dotter til grunneigar i Solheimsbeitet.

Inger Øya Grøgård blei samrøystes erklært habil.

Heidi Hovde Skårnes stilte spørsmål ved sin habilitet da ho er hytteeigar ved Langetjønn. Heidi Hovde Skårnes blei samrøystes erklært habil.

#### **VOTERING:**

Utval for plan og bygg si tilråding blei samrøystes vedteke.

#### **KOM-039/12 VEDTAK:**

Hjartdal kommunestyret har handsama søknad datert 28. mai 2012 om bruk av refusjon for dekking av kostnader ved utbygging av avløpsanlegg. Søknaden er handsama etter plan og bygningsloven § 18-8 og er ei foreløpig godkjenning av refusjonsbeløp.

Hjartdal kommunestyre godkjenner planane for tiltaket, kostnadsoverslaget og forslaget til fordeling.

#### 1. Planar

Denne utbygginga har lang tidshorison. Kommunestyret godkjenner derfor at detaljplanlegging innafor det enkelte hyttefelt vert anten gjort av utbyggjar eller ved ny detaljreguleringsplan i samband med fortetting av hyttefelt, avhengig av kva som skjer fyrst.

#### 2. Kostnadsoverslag

Kommunestyret har ingen merknad til at delar av investeringsbehovet vert tatt inn over bruk av refusjon/anleggsbidrag, tilknytingsavgift og årsavgift.

#### 3. Fordeling

Kommunestyret har vurdert dei eigedomane utbyggjar meiner er refusjonspliktige og funnet at eigedomane gjennom tiltaket får oppfylt sin eigen forplikting etter pbl § 18-1 og at dei lovleg kan krevjast knytta til anlegget.

Kommunestyret fastset fylgjande inndekning av andel av total investeringskostnad ved bruk av refusjon:

Alle refusjonspliktige tilkoblet hovedledningsanlegget	kr. 17.000,-
Alle refusjonspliktige tilkoblet feltutbygging Solheimsbeite	kr. 65.000,-
Alle refusjonspliktige tilkoblet feltutbygging Russmarken	kr. 65.000,-
Alle refusjonspliktige tilkoblet feltutbygging Lislimarken	kr. 55.000,-
Alle refusjonspliktige tilkoblet feltutbygging Gvålsheia/Langhaug	kr. 55.000,-
Alle refusjonspliktige tilkoblet feltutbygging Bitringsnatten	kr. 55.000,-
Alle refusjonspliktige tilkoblet feltutbygging Røyslia/Landsverk	kr. 55.000,-
Alle refusjonspliktige tilkoblet feltutbygging Nøttingen	kr. 55.000,-
Alle refusjonspliktige tilkoblet feltutbygging Haugestøl/Hotellet	kr. 70.000,-
Alle refusjonspliktige tilkoblet feltutbygging Måsåfjell	kr. 60.000,-
Alle refusjonspliktige tilkoblet feltutbygging Langetjønn/Løkjestul	kr. 60.000,-

Vedtaket kan påklagast. Ei eventuell klage stilast til Hjartdal kommune, 3692 Sauland. Klagefrist er 3 veker frå den dagen vedtaket vart gjort kjent – kom fram.